

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Anneli Vatle Lilletvedt	FE-440	19/49

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
017/2019	Arbeidsmiljøutval	PS	09.12.2019

Retningsline for val av verneombod

Forslag til vedtak:

AMU vedtek vedlagte retningsliner for val av verneombod

Saksopplysningar:

Det er ein kvalitet ved Modalen kommune som arbeidsgjevar at ein dokumenterer prosessar i form av t.d. retningsliner. Dette fører til meir openheit og forståing for det som går føre seg, og i neste omgang deltaking.

Val av verneombod er i stor grad ein prosess som krev medverknad og deltaking frå dei tilsette. Ved å synleggjere denne prosessen, med tilpassing til Modalen, vil ein kunne inkludere fleire i drøftingane. I tillegg vil det kunne auke engasjementet for å ta på seg tillitsverv.

Det er ein styrkje at retningslina har vore drøfta med dei hovudtillitsvalde, verneomboda og leiargruppa.

Bakgrunn

Det skal kvart 2. år veljast nytt verneombod på kvart verneområde i Modalen kommune. I tillegg skal det veljast hovudverneombod blant verneomboda. Det er viktig at det er semje og forståing for prosessen rundt val av verneombod. Slik kan ein styrkje engasjementet, tillit og samarbeid mellom arbeidsgjevar- og arbeidstakarsida

Vurdering

Rådmannen vurderer retningslina som viktig i kvalitetsutviklingsarbeidet i Modalen kommune. Prosessar vert dokumentert og synleggjort – dei vert opna opp.

Konklusjon

Rådmannen rår til at vedlagte retningsline vert vedteke.

Arbeidsmiljøutval - 017/2019

AMU - behandling:

Assisterande rådmann orienterte om retningslinene

AMU - vedtak:

AMU vedtek vedlagte retningsliner for val av verneombod

Vedlegg:

Retningsline for val av verneombud